

Ryfylkeøyane frå sør:

(ved overnatting i friluftsområde: hugs frilufsloven som seier maks 2 døgn på kvar stad)



(klikk på kartet for å laste ned pdf i større versjon)

Symbol på kartet for bunkring, matservering og friluftsområde (grøn stoppestad).

• **Stavanger, eventuelt Tau:** På Tau er det bunkringsmoglegheiter for småbåtar. Ikkje langt frå Tau (nord- austover mot Fiskå) finn ein også friluftsområde ved *Tøgjevågen* i Skyljarvik. Der finn du fortøyingsboltar, toalett, turveg og miljøstasjon.

• **Rossøysundet (Finnøy):** Halvøy og øy på sørspissen av Fogn. Svabergkyst, bukter, vikar og sund med mange gode hamnemoglegheiter. Ryfylke friluftsråd har lagt til rette med Handicap-toalett, renovasjonsstasjon, gjestebryggeanlegg og turstiar. Her kan ein også treffe villsauer. Alternativ overnatting finn ein på *Finnøy Fjordsenter* (austsida av Finnøy på Nåden, sør for Judaberg). Her finn du både hytter og campingplass med sanitæranlegg med tilhøyrande fasilitetar. I Judaberg sentrum er det bunkringsmoglegheiter og mogleg å fylla bensin heile døgnet på kortautomat.

• **Nord-Talgje, i Sjernarøyane:** Skjergard med holmar, vikar, skjer, bukter og sund. Mykje brukt båtutfartsområde med svært stor kapasitet. Den blå lagune har ein flott barnevenleg badebasseng. Frå 2004 har det vore eit freda naturreservat på Nord-Talgje. Ryfylke friluftsråd har laga til toalett, båtfester, renovasjonsstasjon og informasjonsskilt. Alternativ overnatting finn ein på *Nord-Hidle*. Der kan ein sova på Eldhuset bed & breakfast. I Sjernarøyane kan du kjøpa heimalaga tradisjonsmat både på Eldhuset og på Sjernarøy Maritim. For den som likar å røre på seg finn du fleire turområde i denne øygruppa. På Kyrkjøy, Bjergøy og Nord-Talgje er det merka turstiar. I Lundavågen finn du eit naturreservat og på Lundaøya kan du besøke Finnborg, rester etter bygdeborga som var til vern i tunge tider.

• **Skaholmen Berget i Økstrafjorden (Suldal kommune):** Følg lykta på Barkeneset som viser vegen inn til Økstrafjorden. På vestsida ligg Skaholmen Berget med svaberg, nes, holmar, bukter, vikar og sund. Flotte hamneforhold med små bruer som bind dei ulike småholmene saman. Her kan ein blant anna sjå jettegryter. Ryfylke friluftsråd har lagt til rette med toalett, anløpsbrygge, båtfeste, informasjonsskilt, tursti og miljøstasjon. På Foreneset er det mogleg å fylla drivstoff heile døgnet. Andre sanitærfasilitetar for båtturistar finn du ved *Erøy landhandel*. Ønskjer ein anna overnatting på land kan ein kontakta *Fuglestein Fjordferie på Foreneset*.

• **Søre Børøyholmen:** Denne holmen ligg sør for Børøy i Fisterfjorden. Friluftsrådet har her laga til handicap-toalett, informasjonsskilt, rasteplass med bord og benkar, miljøstasjon, båtfester, grillanlegg og bryggeanlegg for ilandstigning. Alternativ overnatting finn du ved *Ryfylke Fjordferie på Fister eller Solvåg Fjordferie på Fisterneset*. Ring på førehand for å bestilla overnatting. Matservering kan ein om sommaren få ved *Erling på kaien på Fister*. Drivstoff kan ein fylla på kortautomat ved ferjekaien på Hjelmeland eller Randøy Handel på Ølesund.


• Tilbake til **Stavanger evt. Tau.**



Gjestehamn Judaberg
Foto: Dagfrid Vallestad



Bryggeprat i Sjernarøyane
Foto: Hanne Sundbø



Rossøysundet
Foto: Havnelosen



Erøy Landhandel
Foto: Hanne Sundbø